

Behandlingstilbod innan rus og psykiatri

Helse Førde har i ein innsparringsprosess vedteke å leggje ned døgntilbodet dei har på Tronvik i Høyanger. Tronvik har i dag 15 sengeplassar med døgntilbod for rus og psykiatripasientar. Tillitsvald Bjørg Eli Nese ved Tronvik seier til Firda at nedbygging av tilbodet vil gje færre behandlingmoglegheiter, og ei stor gruppe ruspasientar treng eit døgntilbod som strekker seg over fleire veker og månader. Nedbygginga av sengeplassar inneberer ein overgang for fleire pasientar til poliklinisk behandling. Rus- og psykiatripasientar er ei sårbar gruppe, og det vil være ein verdi for samfunnet å ha eit godt døgntilbod i regionen.

Liknande kutt ser ut til å vere føreslegne også andre stadar i landet når helseføretaka skal gjere innsparringar. Dette råkar sårbare grupper og mindre behandlingstilbod i distrikta. Temaet bør sjåast på eit fylkes- og landsdekkande nivå, og det må sikrast at sårbare grupper får eit fullverdig tilbod og at kompetansemiljø får bestå.

Vestland SV meiner:

- at rusavhengige må få den oppfølginga dei treng og eit verdig helsetilbod. Personar som har både rusproblem og psykiske lidningar må ha eit godt og fullverdig tilbod.
- at det må bli lettare å få rask hjelp til akutte livskriser.
- at det må etablerast fleire plassar med døgnbehandling på institusjon innan rus og psykiatri.